

Dei standardiserte runerekkjene

Ivar Berg

10. august 2020

Dette er idealiserte versjonar av den eldre og yngre *fuparken* og norske mellomalderruner. Desse runerekkjene kjem med ei åtvaring: Dei er abstraksjonar og stemmer ikkje i eitt og alt med noka kjend innskrift, og dei skjuler veldig mykje variasjon. Dei er meinte som ei hjelp til nybyrjaren.

Den eldre fuparken Den eldste runerekkja med 24 teikn (fordelt på tre ætter) var fellesgermansk, og det finst innskrifter frå heile det germanske området. På kontinentet gjekk runene etter kvart ut av bruk, men dei levde vidare i England og Skandinavia, i litt ulike utformingar.

ƿ	ᚢ	ᚦ	ᚱ	ᚨ	ᚦ	ᚨ	ᚨ	ᚨ	ᚨ	ᚨ	ᚨ	ᚨ	ᚨ	ᚨ	ᚨ	ᚨ	ᚨ	ᚨ	ᚨ	ᚨ	ᚨ	ᚨ	ᚨ	
f	u	þ	a	r	k	g	w	h	n	i	j	ï	p	z	s	t	b	e	m	l	ŋ	d	o	

ᚨ er skriven *ï*; ljodverdien er usikker, men det var mest truleg ein slags fremre vokal. ƿ z vart opphavleg uttala som [z], men fall etter kvart saman med [r] og hadde truleg ein mellomuttale i vikingtida; runa er ofte translitterert som **R**.

Den yngre fuparken (vikingidsruner) har berre 16 teikn, så same rune kunne stå for ulike ljodverdiar. Inndelinga i tre ætter var framleis kjend, som lønruner viser.

ƿ	ᚢ	ᚦ	ᚨ	ᚱ	ᚨ	ᚨ	ᚨ	ᚨ	ᚨ	ᚨ	ᚨ	ᚨ	ᚨ	ᚨ	ᚨ
f	u	þ	ã	r	k	h	n	i	a	s	t	b	m	l	r

ᚨ *ã* (eller **ã**) var ein nasal [ã] omtrent som i fransk uttale av *France*: [fʁãs].

Mellomalderrunene er framleis den yngre fuparken, men ein del innskrifter har nokre ekstrateikn slik at kvar rune kunne stå for berre éin ljod att. Ofte skjedde det ved å modifisere eit eksisterande teikn med eit punkt, og slike modifiserte teikn blir kalla **punkterte** (eller *stungne*) runer.

ƿ	ᚢ	ᚦ	ᚨ	ᚱ	ᚨ	*	†	‡	§	¶	ᚢ	ƿ	ᚨ	ᚨ	†	†	‡	†	ƿ	ᚢ	ᚨ	ᚨ	ᚨ
f	u	þ	o	r	k	h	n	i	a	s	t	b	m	l	y	e	æ	ø	ø	g	d	p	c/z

Variantar: Nokre teikn er utruleg stabile gjennom dei meir enn tusen åra runene var i bruk, t.d. ƿ **f**. Men sjølv ƿ varierer i om kvistane er rette eller runde, og kor høgt dei går ut frå hovudstaven. Fleire andre teikn kjem i litt ulike variantar, t.d. langkvistrunene † **a** og † **n** jf. med kortkvistrunene ovanfor. Desse idealiserte rekkjene gjev oss eit fast referansepunkt for å snakke om avvikande utformingar.